



Kjerstil Linn Bakke Hopland  
Ikeland 55  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/720 - 17/27411

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
26.09.2017

## Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 168/3 Ikeland.

### Dokument:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag, kart, bilde.

### Søknaden:

Tiltaket er restaurering av eit gammalt kvernhus som tilhøyrer garden, men ikkje står i tunet. Huset ligg i ei elv som renn nokre hundre meter aust for tunet.

Huset er frå 1700-talet og har ei spesiell utforming. Håkon Aase og Gamle 3hus, har teke interesse i huset og det er laga eit overslag over kva restaurering vil koste og kva arbeid som må gjerast.

Det vert søkt om tilskot frå kulturminnefondet, og for at dei skal gje pengar må eigaren ta ein eigendel på 30%. Det er for å dekke denne eigne delen at ein søker om SMIL-midlar.

Kostnadsoverslaget frå Håkon Aase er på kr.173750,-, medan Gamle3hus har eit overslag på kr.283000,-.

Samla vil tiltaket koste kr.543000,-. Av dette er søker sin eigeninnsats rekna til kr.44000,-. (Eiga material + eigen innsats + eiga finansiering).

### Vurdering:

Eigedommen er i drift. Ein har sau og driv med gardsmatproduksjon.

30% eieninnsats av kr.543000,- = kr.162900,-. I søknaden er oppført kr.44000,- som eigen innsats, og det vert søkt om eit tilskot på kr.145900,-

Kommunen har avgrensa midlar til SMIL tiltak. Det ligg føre søknadar med eit samla kostnadsoverslag på nærare 2 millionar kroner. Det er naudsynt med prioritering.

Tiltaket er veldig positivt. Dette gamle huset er særmerkt og står i eit område som er mykje brukt turområde. Men som søker skriv er «huset utan nytte for landbruk».

Tiltaket fell inn under satsingsområde kulturminne.

På grunn av mengden søknader kan ein ikkje imøtekomme det tilskotet som det er søkt om, men kommunen finn å kunne løyve kr.30000,- til tiltaket.

### Vedtak:



*Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 30.000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2020.*

#### Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

#### Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

#### Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar ( saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 6529 10 6489 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

#### Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

#### Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak.De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakarar:**

Kjerstil Linn Bakke Hopland

Ikeland 55

5912

SEIM